NATIONEN MENER · TORSDAG 07·10·10

# Kommunene i skvis

Kommunene får til sammen 5,7 milliarder kroner mer å rutte med neste år. Kommunalminister Liv Signe Navarsete kalte det en solid satsing som vil gi fortsatt vekst i kommunenes økonomi og aktiviteter, da hun la fram budsjettet. Navarsete var spesielt stolt over at halvparten av økningen er såkalte frie midler. En styrking av lokaldemokratiet og kommunenes sjølråderett, sa statsråden.

**Navarsete vet at** kommuner liker frie midler. Det er penger de kan bruke som de vil, uten føringer og pålegg fra sentralt hold. Likevel hevder kommunene at velferden trues.

**Ingen er noen** gang helt fornøyd med budsjettet. Men det er visse mekanismer i måten kommunenes økonomi er organisert på, som gjør at kommunene stadig kommer i skvis. Det er riktig at regjeringen har satset mye på velferd og annen aktivitet i kommunene de siste årene. Sykehjem og barnehager, etablert med betydelig støtte fra staten, har bidratt til 70 000 flere ansatte i kommunene. Men satsingen har også resultert i store kommunale lån og økende lønns- og renteutgifter som belastes kommunebudsjettene.

**Nå vil regjeringen** gi tilskudd til ytterligere 2000 sykehjemsplasser. Likevel jubler ikke kommunene. Mange av dem har rett og slett ikke råd til å være med på spleiselaget. For når sykehjemsplassene er bygget, er det kommunene som i årene framover skal betale lønninger, renter og pensjoner. Da sprekker budsjettene.

**Bygging av sykehjem** er et godt eksempel på hvordan regjeringen gjennomfører populære valgløfter, mens kommunene sitter igjen med regningen. Hvis det skulle blitt slutt på dette, måtte finansieringssystemet endres slik at staten tar investeringene, også får ansvar for driften.

**Men en slik** endring er antakelig verken staten eller kommunene interessert i. Med dagens ordning kan begge parter toe sine hender og skylde på hverandre når velferden trues. Da er det kommunens innbyggere som sitter med svarteper.

### Oppsummert

**Aldri nok**

**1** Kommunene er en av budsjettets vinnere. Likevel hevder de at velferden er truet.

**Stikker av**

**2** Staten har bidratt til store etableringer i kommunene de siste årene. Men når driften skal betales, står kommunene alene igjen med utgiftene.

**Ingen tar ansvar**

**3** Systemet gjør at stat og kommune kan skylde på hverandre når driften av velferden svekkes.

# Sjå mot nord

DAGENS GJEST

**Eg har nyleg** brukt tre dagar til å reise rundt i Troms. Her har eg møtt eldsjeler, representantar for eit blømande næringsliv og ordførarar med stå-på-vilje. På årets Dyrøyseminar opplevde eg ei stemning og eit pågangsmot for framtida av det heilt sjeldne. Breiband og nye teknologiske moglegheiter gjer at folk kan leve livet sitt der dei ønskjer. Teknisk infrastruktur er nesten like viktig som vegar og er eit av våre viktigaste verkemiddel for desentralisering. I den teknologiske verda er Dyrøy like sentralt som Oslo.

**Regjeringa har ein** aktiv og omfattande nordområdepolitikk. Nordområda er, med si geografiske plassering, Noregs viktigaste strategiske satsingsområde. Her finst og viktige ressursar vi skal leve av i framtida. Regjeringa la for vel eitt år sidan fram "Nye byggjesteinar i Nord", den reviderte nordområdestrategien. Regjeringa skal neste år satse om lag 1,2 mrd kr på nordområdetiltak. Dette kjem på toppen av at regjeringa allereie nyttar kring sju milliardar kr på ekstra innsats knytt til distriktsog regionalpolitikken i Nord-Noreg. Grensa mellom Russland og Noreg har gått frå å vere jernteppe til å bli ei opning for samarbeid, handel og folkeleg samkvem. Avtalen med Russland om delelina opnar for nye, spanande moglegheiter. Det er ein ny tidsalder for norsk-russisk samarbeid der landsdelen og næringslivet vil få store impulsar – både økonomiske og kulturelle. Det er interessant at Finnmark no er det fylket i Noreg som eksporterer mest per hovud. Det snur opp ned på det biletet resten av landet har på Finnmark – og kanskje viktigast; på det biletet Finnmark har på seg sjølv. Det er ein viktig dimensjon i nordområdepolitikken at Nord-Noreg skal nyte godt av verdiane som vert hausta av naturressursane i form av arbeidsplassar, kompetanse og aktivitet. Landsdelen har store moglegheiter, men og store utfordringar i einskilde regionar med høg arbeidsløyse og fråflytting. Det er store moglegheiter for vekst og nye arbeidsplassar både i tradisjonelle næringar som fiske og landbruk, og i nye næringar som oppdrett, reiseliv og fornybar energi.

**Reiselivet har eit** stort potensial i nord. Etableringa av NordNorsk Reiseliv A/S, eigd av dei tre nordnorske fylkeskommunane, er ein god start. 50 millionar kr vart i januar løyvd frå Kommunal – og regionaldepartementet for at selskapet skal marknadsføre og profilere landsdelen i utlandet. Det er difor gledeleg at talet på internasjonale gjester til Nord-Noreg har auka første halvår i år. Også neste år vil me gjennom Innovasjon Noreg bidra med 10 millionar som kan nyttast til reiseliv og destinasjonsutvikling i Nord-Noreg.

**Det trengs både** tradisjonelle arbeidsplassar og miljø for kompetansearbeidsplassar og gründarar. At samfunnet kan tilby ulike jobbar gjev trygge rammer for busetjing. Eg har no eit utval i arbeid som skal finne fram til verkemiddel som kan gje ei betre geografisk fordeling av kompetansearbeidsplassar i privat sektor og nye statlege arbeidsplassar.

**Regjeringa kan ikkje** vedta vekst og positiv utvikling – heller ikkje i nordområda. Framtida blir skapt av initiativrike og sterke menneske som vågar å satse i sine lokalsamfunn. Eg har møtt mange av desse på mine turar i Nord. Ei av dei var Christel Nyheim, som driv firmaet ID-design i Senja næringshage. Ho er eit døme på at rett oppfølging frå verkemiddelapparatet har medverka til at ho gjennom sine evne og kunnskapar har etablert ein spennande arbeidsplass med potensial for vidareutvikling. Eg kan slå fast at det skjer mykje positivt i Nord. Og nordområda vil bli enda viktigare i åra som kjem.



**Liv Signe Navarsete**

**Liv Signe Navarsete** er leiar i Senterpartiet

**VIKTIG BILDE**

«Det er interessant at Finnmark no er det fylket i Noreg som eksporterer mest per hovud.»

## SAGT av andre



Adelheid Seyfarth.

FOTO: TERJE ANDERSEN

**Bygda 1**

✱ «Folk her på Skogen er ikke så opptatt av innvandrere og fremmede, som muslimer. De har jo ulven.»

**Den norsk-kenyanske forfatteren Adelheid Seyfarth forteller Aftenposten om livet i hjemtraktene nær Finnskogen.**

**Bygda 2**

✱ «Holdningene her på bygda, og det gjelder kanskje Bygde-Norge i sin alminnelighet, er nok ikke så lysegrønne og vakre som et Senterparti eller en Liv Signe Navarsete kan tro.»

**Adelheid Seyfarth deler sine erfaringer med Aftenpostens lesere.**

**Bygdegutt 1**

✱ «Det er ikke noen hemmelighet at jeg kommer til å bli rik. Når jeg sier rik, da mener jeg i rene kontanter, ikke bare på minner. At besitte kontanter, det er finessen, som det heter.»

**Redaktør av mannebladet Alfa, Magnus Rønningen (30) fra Otta, ser lyst på framtiden i Dagens Næringsliv.**

**Bygdegutt 2**

✱ «Jeg driter i hvordan ting skjer, bare det skjer. Denne holdningen vil sikkert føre til noen issues i forhold til presseetikk og sånne ting framover.»

**Dritbra sagt av redaktør Magnus Rønningen.**

**Bygdegutt 3**

✱ «Stormannsgalskapen min er nok fortsatt til stede, men med langt større realisme enn før.»

**Mulig Magnus Rønningen her prøver seg på litt beskjedenhet.**

PFU

Nationen arbeider etter Vær varsom-plaktens regler for god presseskikk. Den som mener seg rammet av urettmessig avisomtale bes ta kontakt med redaksjonen. Pressens Faglige Utvalg (PFU) er et klageorgan som behandler klager mot pressen i presseetiske spørsmål. PFU holder til i Oslo, tlf: 22 40 50 40. Epost: pfu@presse.no

NATIONEN
www.nationen.no

**Sjefredaktør/daglig leder:** Mari Velsand, Direktenummer: 21 31 00 40, mari.velsand@nationen.no

**Nyhetsredaktør:** Rino Andersen, Direktenummer: 21 31 00 34, rino.andersen@nationen.no

**Politisk redaktør:** Pernille Huseby, Direktenummer: 21 31 00 45, pernille.huseby@nationen.no

**Markeds- og forretningssjef:** Victoria C. Schultz, Direktenummer: 21 31 44 41, victoria.schultz@nationen.no